

PLAN FOR rusarbeid

I VIDAREGÅANDE OPPLÆRING

HOVUDMÅL

Skape eit godt, trygt og inkluderande miljø der alle elevane blir sett og tekne vare på

- Vi bryr oss om kvarandre
- Vi snakkar med kvarandre
- Ingen skal gå aleine med bekymringane sine

Rusmiddel er:

- Alkohol
- Illegale rusmiddel
- Medikament
- Dopingmiddel

1

Førebygging

Arbeidet skal bygge på elevmedverknad

- Leiinga ved skolen informerer alle elevane om rusplanen
- Auke bevisstheita og kunnskapen til elevane om skadeleg bruk av rusmiddel
- Samarbeide med elevrådet om haldningsskapande og rusfrie tiltak
- Eit godt samarbeid mellom skole og russ i rusførebyggjande arbeid
- Rus knyttast til læreplanmål og den overordna delen av læreplanen

Samarbeid med kommune og føresette

- Informasjon til alle føresette om skolen sin rusplan
- Utvikle samarbeid mellom skole, skolemiljøutvalet og føresette i rusarbeidet
- Skolane bør samarbeide med kommunane om kartlegging av elevane sin oppvekst gjennom å bruke godkjent kartleggingsverktøy som til dømes Ungdata

Ressursbank

forebygging.no/skole

[Støttmateriell – rusmiddel-forebyggjande arbeid i skolen](#)

ung.no – rusmidler

ung.no – russetid

[10 ting du bør vite om ungdom og alkohol](#)

[10 ting du bør vite om hasj og marihuana](#)

[Helsenorge – ungdom og alkohol](#)

ungdata.no



Møre og Romsdal fylkeskommune

Kompetansesenter rus - Midt-Norge
ST. OLAVS HOSPITAL
UNIVERSITETSSYKEHUSET I TRONDHEIM



tidleg innsats

2

Tidleg innsats

Plikt til å vere merk- sam – når ein tilsett på skolen er bekymra, samt meldeplikt. (jfr. Rundskriv U-dir.10-2012)

- Alle på skolen har plikt til å vere merksam og vere på vakt ved bekymring
- Skolen sine prosedyrer skal brukast i møte med den enkelte elev. Det skal brukast skjønn for å kunne møte eleven sine individuelle behov
- Alle har plikt til å melde frå til leiinga når dei er bekymra for ein elev, jfr. Opplæringslova § 15-3: Opplysningsplikt til barneverns-

tenesta, og § 15-4: Opplysningsplikt til sosialtenesta

Alle på skolen skal reagere tidleg på: (*)

- aukande fråvær eller klart fallande prestasjonar
- åtferd som kan knyttast til rus
- endra åtferdsmønster
- endra allmenntilstand

og sette dette i samanheng med mogleg rusbruk hos eleven eller i eleven sine nære relasjonar (Sjå ressursbank for meir informasjon om desse punkta)

Når eleven er bekymra

- Dersom du er bekymra for deg sjølv eller medelevar, bør du seie frå til ein vaksen på skolen
- Skolen skal legge til rette for at det skal vere enkelt for elevar å melde frå når dei er bekymra

Når føresette er bekymra

- Føresette bør ta kontakt med skolen om dei er bekymra for ein elev

Ressursbank

[Bekymra for ein elev?](#)

[Tidleg innsats](#)

[\(*\) Fra bekymring til handling – Faresignal \(Sjå side 27 – 29\)](#)

[Hjelpe ungdom i fare for å falle utanfor skole og arbeidsliv](#)

[Hjelpetelefonar og nettstader](#)

[Barn av rusmisbrukarar](#)

[Rustelefonen](#)

[Dopingkontakten](#)

[Speleavhengig](#)

[Publikasjonar frå kompetansesenteret mot rus](#)



rutinar ved bekymring

3

Rutinar som skal følgjast ved bekymring og mistanke om rus

Målet er å gi eleven hjelp og støtte til å komme seg ut av ein vanskeleg situasjon, fullføre skolen og ta utdanning

1. Den som har mistanke tek snarast kontakt med skoleleiinga.
2. Eleven blir teken ut av skoletimen og bekymringssamtale blir gjennomført med to vaksenpersonar til stades frå skolen (f.eks. kontaktlærarar og ein frå leiinga) og føresette.
3. Dersom føresette ikkje kan kome umiddelbart, blir dei informerte.
4. Eleven og føresette blir informerte om skolen sine rutinar og konsekvensar.

5. Det blir utarbeidd ein individuell kontrakt saman med eleven. Kontrakten blir underteikna og følgt opp: Sjå avklaringsmøte og oppfølgingsplan
6. Skolen vurderer om andre instansar som til dømes barnevernet, NAV, PPT, BUP, rusteam, spesialhelsetenesta eller andre skal kjøpast inn. Ved behov utpeikar kommunen ein koordinator og lagar ein plan for vidare oppfølging og tverrfagleg samarbeid rundt eleven og familien.

Føresette blir kontakta om eleven er under 18 år og dersom eleven er over 18 år og samtykker

Ressursbank 1

Veilederen "Fra bekymring til handling":

[Melde frå til barnevernet \(bekymringsmelding\)](#)

[Fra bekymring til handling - hva gjør jeg?](#)
(Sjå side 39 – 43 og 47 – 53)

[BTI – Bedre tverrfaglig innsats](#)

Ressursbank 2

Skolereglement/skolen sine rutinar

Ulike tiltak i skolen i samarbeid med andre instansar

[Oppfølgingsstenesta \(OT\)](#)

[Mal for avklaringsmøte og oppfølgingsplan](#)

Andre tenester

Andre tenester som kan hjelpe ungdommen, tilpassa lokalt:

- Helsestasjon for ungdom og skolehelsetenesta
- Utekontakt/oppøkande team
- Barnevernstenesta
- Tenester i NAV
- Fastlegen
- Rusteam
- PP-tenesta
- Andre lokale hjelpetenester
- Spesialisthelsetenesta
- Ålesund behandlingssenter: tlf. 70 17 13 00
- Molde behandlingssenter: tlf. 71 21 98 00
- Familievernkontor
- Politi

Den som eig bekymringa har hovudansvaret for å melde saka til barnevernet. Leiinga skal vere involvert!